Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71.

Fylke: Aust-Agder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gjövdal

Emne: Giftefærdig ungdom.

Bygdelag: —

Oppskr. av: Anne K. Askland.

Gard: Askland.

(adresse): Gjövdal

G.nr. 20. Br.nr. 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I eldre tid var det nok foreldri som avgjorde kven borni skulle ha. Og dei syntes det var eit sömeleg giftarmål — når dei „gav til egte" frå same sosiale låg.
Vedkomande turvte ikkje vera frå same bygdi. Det syner gamle papir; Men dei var gjerne då litt uti slegt. Dei kjende atti.
4 Dette galt både söner og döttre
6 Og det var nok sérleg dei större gardeigarane som la framtidsplanar. Men dei mindre hadde nok same ynskje
7. Vi kjenner ikkje til at foreldri avtala giftarmål millom born — i vår bygd. Men frå Homli har eg höyrt om ein som måtte venta litt lenge på bruri, av di „dei skulle havast" — og gjenta var mykje yngre.
Men far skulle ha fortalt ein god ven, at han hadde fått brev frå

14461

ein velståande bonde i Tovdal, (vil 'kje nemne namn) om han ville ha dotter hans. Men det kunne eg ikkje, hadde far sagt — for ho var so stygge. Det var ca 1885.

8. Syskinbyte kjenner vi til: far var gift med Sigrid Horsteinl. Og bror hennar — var gift med syster til far. So vi borni er dobbel syskinborn. Om det var nokon tanke med det — har eg ikkje høyrt, og nokon avtale var det vel knapt. Men det sagdes at mor og far kom til å tykkja godt ~~gott~~ om einannan i syskinbrudlaupet.

10. Skyldskapsgifte har det vore so opp og ned med. Mi tippoldemor Margit Jørgensdtr. Mjaaland, var fyrst gift med Ole J. Iskland, dei var tremenningar og måtte få dispensasjon for å bli gifte. Det var alsaa formykje skylde i ca 1780. I skifte etter fyrste mannen ville ho ha „morgongåva" ho hadde fått av han. Men det fann dei andre slektningane ut at ho ikkje tilkom — „fordi hun ikke havde avlet børn udi egteskabet."
Men ein ser av gamle brev at syskinbarn har gifta seg både fyrr og etter den tid. Men ofte e det ikkje, heldigvis.

11. Eg har aldri høyrt at dei var rædde skyldskap på mannssida.

12. Det hende nok at born sette seg

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461

opp mot foreldi – når det angikk giftning. Men for det meste måtte dei nokk föye seg.
Sist i 1700 kom det ei fin „jente" vi seier – her til Br. nr. 10. Ho heitte Gunhild Kruse – og skulle vera av fint folk; men på ein eller annan måte kome på valdrew. Min tippoldefar Knut Nodsen Askland – som seinare vart gift med fyrr nemnde enke: Margit Jörgunsdtr. Mjaaland. Vart so glad i Gunhild Kruse. Far til Knut var død, og han gjekk til mor si Torbjörg Evensdtr. og forfalde det. „Ha, er det dei seier," sa ho – og so treiv ho hatten av hovudet hans – og hiva på varmen.
Og då sa dei forelskilsen gjekk yver.
Ettorpå reiste Gunhild til Jörundland. Der vart Knut Nielsen Jörundland so forhippen etter genta – at han trossa foreldi – vart gjort arvelaus og vart leiglending.
Dei meinte Gunhild hadde teke av „sitt eige blod" – og hatt i drikke og gjeve Knut. Kruse folki – kunne meir enn fader vår. Far hennar kunne t.d. ta björnehamen på seg. m.m.
Frå grannebygdi Tovdal har eg höyrt om gjentor som trossa foreldi og rymde med kjærasten til andre bygder. Men det var vanleg meining at det ikkje gjekk slike vel.
15. Kritikk over urimeleg giftarmål so dei skaut skomskot eller laga oppstog – veit vi ikkje om. Men eg hugsar ein gamall mann:

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461

Olov Tone sin Jörundsland forfalde om, at då ein bonde herifrå bygdi, henta kona si — hadde ein forsmådd friar leigd ein mann til og springe fyre hesten ridande på ein sopelime.

16 Nei, vi kjenner ikkje til döme på at foreldri sette pröve på ein friar som dei var i mot.

17. Jau, eg trur nok tenestfolk stod friare aug. gifting. Dei var heimanfrå — og kunne ikkje gifast so godt. Eg hugsar dei gomle kunne sega som so: „Vi tente i hop hjå N.N. — og so blei det med åkke."

18. Eg har ikkje höyrt at enkor stod friare; men det kan sjå slik ut. Det var stor rift etter enkor so det ut til etter gomle papir. Og sjølv ei dobbelenke — hadde fine sjangser hjå ungkarane. Truleg spela det ökonomiske inn — for vi har eit gomalt ordtak som seier: „at enkekjöt er engi lämbesteik." (lam.)

19. Det er mange döme på at pengane hadde mykje å sei. Eg hugsar ein gamal mann Salve Hansen — han beklaga seg so for di han hadde vore gift 2. gonger; men ikkje av kjörleik. Fyrste gongen måtte eg ha pengar for å greida garden, og andre gongen var mor kleim — og hadde ikkje råd til å leige, og måtte gifte meg for å få hjelp.

Det er forfalt at gomle Tallev Sörgard sat so småtl i det; men gardfar visste råd, sa Birgit Ottersland. „Han reiste til Langvoll, og fekk tak

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461

i Birgit Knudsdtr. – so han blei berga."
Birgit var dtr. til Knut Madsen som
misste haffen sin.
Ei onnor hermi, e. etter Eivind Sundsstøl som ofte tala litt bakvendt.
„Jau, Salve må nok ha Tome, som
har rokk og maskine, 400 kr. og 8
store sauer i banken."
20. Varsel om kven dei skulle få
var her sikkert mykje av; men det
går i gløymeboki. Eg hugsar ein
gamal mann i Romeli (Grannebygdi)
fortalde om „Drøymestumpe."
Etter minnet & oppskrifti på det
gode bakverk soleis.
Ingen må vefa om at du lagar
„drøymestomp" – av ⅓ del mjøl ⅓ del
vatn ⅓ del salt. Blandast vel og
delast i 3. Fyrste delen et ein ein
torsdagskveld, når ein skal legge
seg. Då må ein krøke seg til
sengi. (gå baklengs) Og om nokon
talar på ein, skal det ikkje svarast.
Vika der etter tek ein andre delen
på same måten. Og tredje torsdagskvelden siste tredjedelen. Og dei
natti kjem kjærasten på „vitjing.
„Pröva du detta", sa eg til
gamle Gunstein. „Ja, det gjorde eg"
sa han. „Fyrst kom det ei
anna ei; men eg kjenna henne
i frå meg – men so kom Tome."
21. Hugvendingsdråpar kan ein kanskje
kalle det Gunhild Kruse bruka. Eg var
ei smågjente då ei gamal kone fortalde mor om det. Og ho sa det
på slik dult måte – at det var visst

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461

ikkje blod frå littlefingeren.
Det e ei kjent sak at sume har gjort
utan å vera anten kjekk ell' ven.
Då sa dei gomle: „Ein kunne tru dei
kunne ei ört".

23. Jau, det var gomall god folke skikk
at vaksne gutar og gjentor ikkje i
utrengsmål slo fylgje og tala saman,
om dagen. Og enno bleir dei nok
rekna for „våka" gute floksar dersom
dei finne seg ærend og höve bare
for at få tala med gutane. Gutane
står friare solis.

II. Nattefriing.

Det e bare smått at det e slett
på nattefriingi her i bygdi. Den
einslege. Dei andre kalla vi for
utlaupsarar. „Dei for ute", for å
ha leven og moro.
Då var dei som regel fleire — og
var helst vaksne. Frå some grenda
behövde dei ikkje å vera. Men dei
hadde som regel kjentmann med.
Det fyrste eg husgar låg all ung-
dom på lôveang og arbeidsfolki også.
Sjölvefolki låg inne.
Det var laurdagskvellane dei for
ute. Bondegutar og tenestgutar
gikk i lag — dei hadde ikkje kvar-
dine kveldar. Og det var bare
sumarstid folk låg på lóa, eller
lôven — Og solis bare sumarstid
dei for ute. Som regel gjorde
dei målet ukjennelig, „tala nattmål".
Vi kjenner ikkje til sörlige vers dei
sa fram. Men dei for so stilt

14461
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som råd til dei kom inn, sidan vart det leven.
Foreldre og husbondsfolk lika klint slik springing. Og gjentene lika det nok og so passeleg dersom det var gutar dei ikkje brydde seg om. Svært ofte var uthusi slik at dei ikkje kunne få stenga for gjentefolk – ein stad kunne dei få smoge seg inn. Men dei kunne bli lura. Gjentene kunne stikka av so dei kom til tome senger, eller byta plass med brørne sine for same lånen – og so vart det dei, som fekk besøk. Då vart dei som regel godt mottekne – og det enda med låtten og med skam for utlaupsarane. I gamal tid kan det nok tenkast at dei hadde brenne vin med seg – og at gjentene fekk, og gav dram, dersom dei lika besøket. For vi veit at kvinnone også kunne ta ein dram i eldre tid. I dette hundradsåret vanka det nok helst drops og karameller. Gjentene treir og ikkje spandera. Men lika dei friaren eller ein av nattelaupsarane – fann ho sikkert høve til å visa det. Som regel var det ikkje so lenge ei slik vitjing varde, då visst dersom dei skulle fleire stader.

Den einslege nattefriaren.
Dersom ein av flokken forsto han var velkomen, tadar att

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461

for at han gav seg ikke – eller helst kom att ein annan kveld åleine. For ingen skulle helst veta om slik vitjing. Kor lenge den einslege nattefriaren gjekk til same genta – avhang av so mange ting. Kanskje det vart oppdaga, og misslika. Eller at ein av dei gjorde det slutt – eller visst.

51. Som teikn på bindande lovnad om giftarmål, gav guten genta eit silkeplagg (tørkle) som fyrste gåve. Og han fekk eit slengt sokkeband par.

52. Vi har ikkje høyrt om fantestykke som bjølleleik, kattemusikk – sagemugstrøing o.a. Men sjølvsakt lika både foreldri og genta slikt kleint.

56. Men at dei vart rekna for offentleg forlova om slikt hadde hent truer eg ikkje. Då vart det nok anten slutt – eller visst.

57. Det var nok helst einslege nattefriarar som reiste til støls

III. Andre måtar.

IF. På kyrkjebakken.

Ungdomen kunne nok ikkje tala utan vidare til einannan på kyrkjebakken. Men foreldri maka det nok slik – at dei helsa på einannan, om dei ynskte at ungdomen skulle bli kjende.

59) Eg har høyrt geta at det vart kjøpt sukkertenner og kringler ved kyrkja. Men om dei spandera

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461

på einannan veit vi ikkje noko om.
Men ungdomen møttes i og ved Kyrkja
såg einannan – og vart kjende på
ei vis. Dersom ikkje foreldri ordna
opp med giftarmål for borni. Men
at guten stod fritt – sende han brev
eller sende bedegut, til genta –
bedeguten skulle tala hans sak.
Eg huskar ein gamall mann N.N.
som fortalde presten. „Eg skreiv
brev til fem gjenter med ein
gong." „Hadde De kjærlighed til
alle fem," sa presten. „Pytt skitt,"
sa N.N. „Kjærligheten kjem etterpå"
den.

63 Ut gjentene gav gutane påskeegg
eller anna ved Kyrkja – har vi
aldri høyrt. Men vi veit at
gjentene hadde „slavannsøsjer" eller
dåser. Dei hadde gjerne skap som
eit hjarta med fot, og krone på
toppen. Desse var hole inni der
dit var bomull i med godlukt
på. Desse hekk i beltet, vart
løyste frå og vart sendt mellom
stolraden på gjentesida – truleg
for å snusast i og beundrast.
Det gjekk sikkert ikkje heilt stilt
for seg. Og gjentene hadde sikkert
høve til å titta burt i gutebenkane.
Og eit gamalt ord seier: at „auga er
der som kjært er."
Leik eller dans ved Kyrkja veit
vi ikkje om.

B. Gjestebod saman med andre.
Gjestebod i eldre tid var nok helst

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461

flytjings gjestebod og brudlaup.
Og gravferd. I slike gjestebod
var den vaksne ungdomen saman
Husi var for små til at dei kunne
vera kvar for seg. So mange
fann nok ikke maken sin i
slike lag. Dei som kosta brud-
laupet ordna med sengeplass, og
grannane hjelpe til med og hyse.
70. Stabbedans har eg høyrt gjete, men
om den vart bruka her, veit eg ikkje
Men eg veit dei dansa mykje i brud-
laupe — drakk og rauk uklar.
Bådi brudlaup og gravøl varde i
2-3 dage. — so ungdomen hadde høve
til å bli kjende.

c. Andre høve.

74 Dugnad trur eg her var lite av.
75 Men etter ein auksjonsdag var det
gjerne dans, i dette hundradåret.
I gamall tid vart innbuet deila
mellom slektningane, og dei som
hadde til gode. Gamle einslege
gav seg i follog — so det vart ikkje
auksjonar då.
76. Marknadar hadde vi ikkje.
78 Og samskots lag har vi aldri høyrt
gjete. Men har det vore slike —
79 hadde dei heite for samlags-lag.

D. Samkomar for ungdomen.

80. Gjentegjestebod var her aldri tale
om. Ikkje heller gutelag.
(88) Men i nyare tid omkr. hundrads-års-
skiftet kom ungdomen saman til
jonsok moro. 23/6.

14461
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

89 Ungdomen var aldri saman om sundagane å åt bor eller „påta kvåe"

90 I eldre tid var ikkje gjentene med på marofisking. Men fyrst i dette hundradsåret — veit eg dei hadde fisketurar i lag. Då fiska dei fyrst og fremst — koka kaffe og leika.

91 Some tid var det også leik og dans sumarskveldane, sundag — eller helst laurdagskveldane.

92 Ingen eldre passa på; men dei slutta som regel tidleg på kvelden — og gjekk i lag eller kvar for seg — som det passa.

Om vinteren.

95 Det vi veit om har det ikkje vore bruka med oppsitjarkveldar anten i eldre, eller seinare tid. Tida krov arbeid, arbeid — og det var ikkje tid til anna ein birke-kveld.

100 Truleis var det i dette hundradsåret då dei tok til med ungdomslag. Då var det gjerne leik og dans også om vinteren.

102 Spelemann var det alletid ein som kunne skaffe — anten til trekkspel eller munnspel.

105. Riktig or gamalt trur eg nok dei dreiv med koppkøyring om vinteren. (bare for mannfolk)
Men som sest i førrige hundradsår var det mykje skeising, og renning på kjelke.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461

106 Då var ungdomen saman om
Sundagane. Men dei måtte nok
ha lov til det av foreldre og husbonds-
107 folk. 107. Gutane var nok friare;
men eg trur det var fåe som reiste
utan lov.

108. Tenarane spurde og om lov – eller
sa i alle fall frå at dei gjekk.

109. Dersom foreldre, eller husbonds-
folk negta barn og ungdom å
vera med på slike samkomor,
var det av religiøse grunnar.
Eg veit som lite småjente tykte
vi det var so moro og vera nokre
stykke og „munke" (med 5 steinar)
Men grannen vår lika det svært
kleint. „Djevelen sat i munken",
sa han. So vi sat aldri slik
at han såg oss.

110. Elles trur eg barn og tenarar retta
seg for det meste etter foreldre og
husbondsfolk.
I same tidsbolk hadde ungdomen
også ei anna moro. „Dei åt fille-
pine". Var dei tildømes saman i
eit lag – og kanskje helst vis guten
lika ei gjente sa han: „Skal vi
ete fillepine?" Ville ho ikkje – var
sjansane små. Lika ho guten,
eller ville ha litt moro, sa ho
ja. So deila dei eit kakestykke
og åt – eller dei åt sukkerbitar –
drops eller anna. Neste gong dei
råkast – same kvar eller når – sa
den som fyrst hugsa på det:

Slm. opp. utenfor spørsmål

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461

Skr. opp utanfor Spm.

„Fillepine." Den som tapa – skulle då gjeva andre parten ei gåva. Og av gåva såg dei gjerne kva dei tykte om vedkomande.

IV Julehrås.

111. Sat ei gjente og spann fyrst på nyåret og det kom inn ein kar utangards frå. Vart han rokksmannen hennar. Og hadde karen godt med hår og skjegg var det ein god rokksmann – var han snaud og glattraka, var han dårleg.
Kom det ei gjente medan ein kar hogg ved – vart ho hogstgjenta hans. Men embetsfolk, vart dei aldri kalla.
Og gåvor var det ikkje vanleg å gjeva. Julehrås eller dakke, veit vi aldri av.
Og aldri gav eller fekk roksmannen eller hogstgjenta noko, eller hadde noku slikter.
Og ingen trudde at det vart parfolk av dei. Men øl og mat vart dei nok bedde på – dei som andre som kom til gards.
125. Ingen tagg jule – eller langfredagsdrås – fordi ingen hadde høyrt gjete slikt.
128. Det var vanleg seiemåte at gjentene hadde lov til å fri i skotåret. Og i min ungdom hadde vi skotårsfest. Det var gjentene

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som ordna med den festen –
skaffa mat, underhald og moro.
Gutane vart som offast bedde.
Men ingen kjenner til at gjentene
bruka retten sin til å fri.

Gjøvdal 1/6 - 1959.
Anne Askeland.
f. 2/3-1905. (husmor)

Til sp. 14.

Evjepresten.

Ja Oppstadguten du må deg skaka
for lensmannsdotter ho vil deg taka.
Ja Oppstadguten du må deg kro –
for du vert mogen til Aslak Moe.
2 Ja Aslak Mogen han vart so galen,
han flaug til Evje den same dagen.
Han flaug til Evje og var so baus,
ville gjera dotter si ærelaus.
3 3 tjug dalar og denne hesten,
Det vil eg gjeva deg Evjepresten.
Og etter slengjer eg fire naut – vil du
gjera dotter mi ærelaus.
4 Men Evjepresten han visste bera. Han vil 'kje genta so ille gjera.
Min snille Aslak du seie 'kje so –
du kom til trega det etterpå.
5 Min snille mann, eg kan det 'kje gjera,
om du so ville meg garden gjeva.
Du hev inkje berre det eine bån.
Slikt ville vera både synd og skam.

Aslak Kristensen Moe – levde sist
i 1600, til ca 1750-60.

D. S.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14461